

**Saksframlegg****Økonomiplan 2018 - 2021 og årsbudsjett 2018**

Utval	Utvalssak	Møtedato
Formannskap		
Arbeidsmiljøutvalet		
Administrasjonsutvalet		
Råd for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne		
Hovudutval for oppvekst, kultur og omsorg		
Hovudutval for plan og miljø		
Kommunestyret		

Endeleg vedtaksrett i saka har: Kommunestyret**Dokument i saka:**

1 Økonomiplan 2018 - 2021 og årsbudsjett 2018 - formannskapet sitt framlegg 08.11.17

Bakgrunn for saka:

Etter §§ 44 og 45 i kommunelova skal kommunestyret kvart år vedtake årsbudsjett for neste kalenderår og økonomiplan for dei neste fire åra.

Grunnlaget for neste års budsjett er inneverande års opprinnelege budsjett og dei langtidsmåla som ligg i samfunnsdelen av kommuneplanen.

Vurdering:

Saka er vurdert ut frå følgjande mål i økonomiplanen for 2017 – 2020: ... vi opprettheld og brukar det økonomiske handlingsromet.

Budsjettarbeidet har i år vore gjennomført på fylgjande måte:

- Rådmannen si leiargruppe har vore med i heile prosessen.
- Tillitsvalde har vore informert gjennom heile prosessen.
- Formannskapet har også kome med signal om kva ein skal prioritere.
- Formannskapet legg fram si innstilling i november.
- Innstillinga skal handsamast i ulike organ.
- Kommunestyret gjer endeleg vedtak i desember.

Generelle føresetnader for budsjett 2018 og økonomiplan 2018 – 2021:

- Kommunestyret vedtek nettorammer for kvar sektor
- Hovudutvala vedtek deretter avdelingsvise nettorammer og administrasjonen utarbeider detaljbudsjett.
- Langsiktig del av kommuneplanen og mål for økonomiplanperioden har lege til grunn
- Innsparingstiltak vedteke i 2015 og 2016 innarbeidast etterkvart som dei får effekt
- Det må utvisast stor respekt for budsjetttrammene av den enkelte sektor

- Drift i kvar enkelt sektor SKAL tilpassast vedtekne rammer. Dette kan føre til at dagens kvalitet og tilbod vil bli noko redusera.

Driftsbudsjettet:

Driftsrammene for kvar sektor vert dei same som føregåande år med nokre justeringar:

- Fast løn er budsjettera i samsvar med heimelsoversikt
- Pensjonspremie for ansatte er budsjettera med 18%
- Refusjon for sjuke-/fødselsløn er lagt inn og samtidig auka vikarlønsbudsjett
- Gjennomføring av selskapskontrollar
- Auka utgifter avlastningstiltak i pleie og omsorg
- Oppretting av 100% stilling til ny avdelingsleiar i sektor helse og omsorg
- Psykologteneste i Vest Telemark
- Auk i tilskot og opphaldsbetaling innan pleie og omsorg
- Ny tilsynsordning ved sal av tobakksvarer
- Reduksjon i midlar til folkehelsearbeid. Ansvarer blir lagt til ny avdelingsleiar/OKO-utvalet
- Auke i foreldrebetaling i barnehage
- Auk med 50% logopedstilling som vert utleigd til anna kommune
- 70% midlertidig stilling dekt av annan instans
- Auk i energibudsjett
- Utleige av arbeidskraft til anna kommune
- 5 % auk i vassavgifter
- 10 % auk i kloakkavgifter
- Reduksjon i renovasjon-, slam- og feiegebyr i tråd med endringar i føreskrifter
- Reduksjon i konsesjonskraftinntekter gjev lågare avsetning til fond.
- Auk i rente- og avdragskostnader etter auka låneopptak.

Investeringsbudsjett:

- Gang- og sykkelveg – rest langs FV 355.
- Opprusting lagerhall på flyplassen
- Ferdigstille uteområde barnehagen

Økonomiplan 2018 – 2021:

Oppgradering brannstasjonen og bygging av fleirbrukshall er dei store investeringane i økonomiplanperioden. I tillegg har vi lagt inn noko småinvesteringar, tømrestasjon for bular og fiberutbygging.

Dei økonomiske utsiktene for perioden er heller dystre. Slik det ser ut nå vil kraftinntektene og statlege overføringar bli redusera i åra framover. Dette gjev oss mindre handlerom til investeringar og drift av investeringane i ettertid.

Konklusjon:

Fyresdal kommune er inne i ein krevjande periode økonomisk. Dette gjeld både drift, investering og satsing på næringsutvikling, busetting og arbeidsplassar. Store investeringar med påfølgjande driftsoppgåver vil påvirke andre driftsområder og føre til at ein må redusere på andre tenester. På lang sikt vil kraftinntektene og statlege overføringar bli redusert.

Sjølv med redusert investeringstakt må ein gjere tiltak som reduserer driftsnivået. Det er fortsatt ynskjeleg med eit kvalitativt høgt tenestnivå. Dette skal oppretthaldast, men ein må redusere belastninga det er, med å levere over evne. Dette kan føre til noko meir venting for å få dei tenestetilboda ein har rett på, og at ein i ventetida får andre forsvarlege tilbod. I tillegg vil ein sjå på administrativ organisering i tråd med tidlegare vedtak.

Innstilling frå formannskapet:

Økonomiplan 2018 – 2021 og årsbudsjett 2018 for Fyresdal kommune vert vedteke slik det ligg føre. Nettorammene for kvar sektor i driftsbudsjettet vert som fylgjer:

Sektor	Utgift	Inntekt	Netto
Fellestenesta	16.988.000	3.197.000	13.791.000
Helse og omsorg	59.622.000	17.232.000	42.390.000
Kultur og oppvekst	41.870.000	5.881.000	35.989.000
Plan og teknikk	29.065.000	14.870.000	14.195.000
Finans	20.022.000	126.387.000	-106.365.000

Det vert nedsett arbeidsgruppe for å sjå på den administrative organiseringa. Oppretting av ny avdelingsleiar innan helse og omsorg blir teke stilling til i forbindelse med gjennomgang av organiseringa.

Ketil O. Kiland	
rådmann	Kjersti Bergland
	kommunalsjef økonomi og fellestenester